

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 52/2003

Møtedato: 22.09.03

Arkiv nr:

KOMMUNEPLAN – KLAGE OVER VEDTAK

Fjellstyret er kjent med at kommunestyret i sak 48/03 vedtok å endre maksimal arealgrense for fritidsbustadar i statsallmenningen (LNF-2 og 3 område).

I stølsområda i allmenningen har det i eksisterande kommuneplan vore ei maksimal arealgrense på 80 m² bruksareal for fritidsbustadar. I planutkastet som var ute til høyring, var det foreslege å endre målemetode til bebygd areal (BYA). Dette vart gjort for å få ein enklare måte å måle areal på. For å oppretthalde same arealgrense som tidlegare, måtte arealgrensa aukast med ca. 10 %.

Etter høyring fekk kommunen tilbakemelding frå Oppland fylkeskommune om at BYA ikkje kunne brukast. Dette vart derfor erstatta med tillete bruksareal (T-BRA). I saksutgreiing til politisk behandling står det: "Sidan T-BRA er ein heilt annan måte og måle på enn BYA, så må desse grensene aukast noko". Dette er ein direkte feil, grensene skulle i staden ha vorte redusert. I forhold til planutkastet foreslo administrasjon i realiteten ein auke på 25 % i stølsområda og 30 % i hyttefelta. Dette er areal tilsvarende 75 hytter i stølsområda (80 m²) og 60 hytter i hyttefelta (100 m²). Det er å merke seg at det ikkje hadde kome nokon merknader til planutkastet med ynskje om å auke maksimal arealgrense i allmenningen. Dette er ein klar saksbehandlingsfeil.

Kommunestyret vedtok framlegget om auka arealgrenser. Fjellstyret meiner dette er ein vesentleg endring av planen. Kommuneplanen skulle etter fjellstyret sitt syn vore sendt ut til ny høyring. Mangel på ny høyring er saksbehandlingsfeil som løyser ut klagerett.

Utdrag frå kommunen si saksframstilling og i føresegner: "Vestre Slidre statsallmenning er i ei særstilling i kommunen. Allmenningen har svært høg status som rekreasjonsområde både for lokalbefolkninga og for hytteeigarane i kommunen. Statsallmenningen i Vestre Slidre har noko av landets mest særprega kulturlandskap knytt opp mot stølsmiljøa." "Kommunen ynskjer å ta vare på mest mogeleg av det beståande kulturlandskapet i dei støls- og utmarksområda som ikkje er definert som utbyggingsområde." "Ved etablering av nybygg av slag, skal ein freiste å plassere desse bygningane slik at dei harmonerer inn i stølslandskapet både når det gjeld form, farge, materialval og storleik." "Kommunen ynskjer å føre ein spesielt streng politikk i forhold til dispensasjonssøknader i statsallmenningen." Kommunestyret sitt vedtak stemmer ikkje med dei mål som er sett

Vestre Slidre statsallmenning er sannsynlegvis det mest aktive stølsområdet i landet. Det særprega og levande kulturlandskapet er unikt og av stor verdi i nasjonal og internasjonal samanheng. Den høge verdien er godt dokumentert og blir aktivt brukt av kommunen og andre i mange samanhengar. Fjellstyret ser det som svært viktig å ta vare på det særprega kulturlandskapet. Det har vore ein langsiktig politikk å bevare kulturlandskapet og sikre allmenningen som landbruks- og friluftsområde. Statsallmenningen er frå før svært hardt utnytta. Det er over 600 hytter, 500 stølar og det er avsett utbyggingsområde for turisme på Vaset. Området er også i praksis friareal for relativt stor hytteutbygging på privat grunn. Etter fjellstyret sitt syn er det svært viktig å vise varsemd med ytterlegare press på allmenningen. Kommunestyrets vedtak om auking av arealgrensene i et så spesielt område forsterkar behovet for ny høyring.

Kommunestyret må gjera om sitt vedtak, om ein ynskjer å framstå som truverdig i ynskje om å bevare det særprega kulturlandskapet og sikre allmenningen som landbruks- og friluftsområde.

VEDTAK:

Fjellstyret klagar med dette over kommunestyrevedtak 48/03 med bakgrunn i saksbehandlingsfeil. Kommuneplanen er vedteken med vesentlege endringar utan ny høyring.

Fjellstyret ber kommunestyret gjera om sitt vedtak slik at maksimale arealgrenser for fritidsbustadar i statsallmenningen følgjer utkastet som var lagt ut til høyring. Ved endring frå BYA til T-BRA må arealgrensene reduserast til 80/100 m² T-BRA. I motsett fall krev fjellstyret at planutkastet blir lagt ut til ny offentlig høyring.

Om kommunestyret ikkje finn å gjera om sitt vedtak, skal klagen oversendast fylkesmannen til avgjer.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.9.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune v/rådmann